

# ÅRDAL TEKNOLOGIPARK AS

## “NASJONALT SENTER FOR PROSESSINDUSTRI”



FORRETNINGSPLAN, 10. SEPTEMBER 2019

# INNHOLD

1	BAKGRUNN .....	3
2	FORRETNINGSSIDE .....	5
2.1	MÅL OG MÅLGRUPPE .....	5
2.2	FORANKRING .....	6
2.3	PROFIL OG INNHOLD .....	7
3	MARKNAD.....	9
4	ORGANISERING OG EIGARSKAP.....	9
4.1	ORGANISERING .....	9
4.2	EIGARSKAP OG STYRE.....	10
5	ØKONOMI .....	10
5.1	KAPITALBEHOV OG FINANSIERING .....	10
6	RISIKOANALYSE .....	11

# 1 BAKGRUNN

Årdal Utvikling har gjennom prosessen med Strategisk Næringsplan 2017-2020 jobba med å utvikle ein «innovasjon og kompetansestrategi» for Årdal. Industrimiljøet i Årdal er eit av dei sterkeste prosessindustrimiljøa i Norge, og det miljøet med den største forskingskapasiteten og kompetansen på aluminiumsprosessen. Miljøet representert med dei største verksemndene Hydro, Norsun, IMPEC og HMR i spissen, er i hovudsak kompetansearbeidsplassar, og næringsaktørane i Årdal meiner at kompetanse er det viktigaste for dei - i dag og framover. Dei neste åra vil kompetanse vere svært viktig for industrien lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, ved t.d. den fjerde industrielle revolusjon/Industri 4.0 (digitalisering, automatisering, sensorikk m.m.), auka krav til produktivitet og det grøne skiftet.

Det har vore ynskje å kunne etablere eit teknologisenter med utstyr, teknologi og kompetanse som kan nyttast av næringslivet og skulane. I teknologisenteret skal bedrifter kunne teste, simulere og visualisere teknologiar, komponentar, produkt, løysingar, tenester og prosessar. Lett tilgang til ekspertise, utstyr og eigna lokal skal gjere vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare. Eit slikt senter skal og kunne nyttast saman med kompetansesenteret til trening og læring for næringslivet, lærlingar og skulane.

Årdal Utvikling har i prosessen med utvikling av «innovasjon og kompetansestrategien» inngått samarbeidsavtale med Sintef Manufacturing og næringsklynga på Raufoss som har fått tildelt programma Norsk Katapult og Norsk omstillingsmotor. Det er eit mål å utvikle dette samarbeidet vidare for å knyte saman næringsklynga i Årdal/regionen opp mot næringsklynga på Raufoss.

«Innovasjon og kompetansestrategien» enda ut i 3 hovudstrategiar:

1. Etablere kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor
2. Etablere teknologi og innovasjonsselskap - SITEP AS (Senter for innovasjon, teknologi og prosess)
3. Skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/næringsklynga

Strategi 1 og 2 er i full realisering gjennom at **Sogn Opplæringskontor** har starta utvikling av sitt kurs og kompetansesenter ved å tilby ulike kurs til næringslivet og skulane. **SITEP** er etablert med 4 tilsette, i gang med stor prosjektporfølje av innovasjon og utviklingsprosjekt, bedriftsnettverksprosjekt og FESTO øvingsfabrikk blitt installert i juni 2019.

*Denne forretningsplanen er utvikla for strategi 3 - skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av næringsklynga.*

*Utklipp frå Årdal Utvikling sin kompetansestrategidokument - strategi 3:*

# STRATEGI 3 - ORGANISERING

## SKAPE ARENA FOR KOMPETANSE OG INNOVASJON

Industrien i Årdal er ei næringsklynge som har vokse fram over mange år. Det har vore gjennomført ulike prosessar og tiltak for å styrke utviklinga og auka samarbeidet. Årdal har ein styrke gjennom lokalisering av Hydro sitt teknologisenter innanfor primær aluminium. Erfaring viser at det er behov for å skape ein fastare struktur og arena for å auke FoU aktiviteten og knoppskytinga i næringsklynga. Det er eit mål å etablere SITEP AS med eit balansert eigarskap, få samlokalisert ulike aktørar som støttar opp om innovasjonsarbeidet og samtidig knytte seg tettare til industriklynga og kompetansemiljøet på Raufoss og i regionen. Hovudmålet er å styrke innovasjons- og konkurransekrafta gjennom omfattande klyngesamarbeid mellom bedriftene og kompetansepartnarar. Dette skal bidra til økt verdiskapning i dei etablerte bedriftene samt utvikling av nye vekstbedrifter.

### Hovudstrategi:

Skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/næringsklynga

### Delstrategiar for teknologisenteret:

Sikre tilgjengeleg areal på Hydro sitt industriområde og samlokalisere aktørar for å skape ein arena for auka innovasjon og teknologiutvikling.

Sikre lokalisering av aktørar og styrke nettverk til aktørar med kompetanse på prosjektfinansiering.

Utvikle sterkare bedriftsnettverk/klynge i industrien med sterke band mot industrimiljøet på Raufoss og andre industri/fagmiljø. Skape aktivitet og møteplassar i næringsklynga for å:

Få fleire og felles FoU prosjekt – auke ressursane til utviklingsprosjekt og få tilgang på ny teknologi/kompetanse

- » Felles kompetansefeltak – skape felles læringsarena mellom bedriftene og opp mot andre industri/fagmiljø.
- » Ta ei regional rolle på industri utvikling ved å integrere seg mot industrimiljø/bedrifter i regionen.

**Norsk Industri** peikar på i sitt «Kompetanseveikart - kompetanse for fremtidens industri»:

«Å sikre industrien tilgang til kvalifisert arbeidskraft nå og i fremtiden krever felles innsats fra myndigheter, industristeder og bransjeorganisasjoner». Dei kjem med fleire anbefalingar som støttar opp om målsettingane i Årdal Teknologipark:

- Satse på utdanningstilbod der arbeidslivet har behov
- Etablere læringssenter tett på arbeidslivet der det er relevant utstyr for elevane
- Bachelor og masteroppgåver saman med bedrifter
- Tilpassa etter og vidareutdanning for tilsette i bedriften

**Prosess21** peikar i sitt «Veikart for prosessindustrien - økt verdiskaping med nullutslipp i 2050» på viktige tiltak for å utvikle prosessindustrien mot FN sine bærekraftsmål. Eit av dei viktige tiltaka for å få industrien til å nå dette målet er å auka innovasjonen i bedriftene og miljøet rundt. Dei peikar på klynger og industriparkar som eit slikt verkemiddel:


- «Prosessindustribedrifter lokalisert i et nært geografisk område som industriparker eller organisert i klynger har store fordeler av å samarbeide. Utover samarbeid om felles grunnleggende infrastruktur, samarbeider bedriftene om viktige forsknings- og utviklingsprosjekt. Klynger og industriparkar har særleg vist seg viktig for å få utløst prosjekter for bruk av sidestrømmer og bedre utnyttelse av energistrømmer og oppnår på denne måten god ressursutnyttelse sett i et sirkulærøkonomiperspektiv. Gode insitamentordninger for videreutvikling av industriparker og industriklynger vil være et viktig bidrag til bærekraftig utvikling av prosessindustrien».

Denne forretningsplanen vender seg til samarbeidspartnerar og aktørar som vil bidra med finansiering i realisering av Årdal Teknologipark for å sikre utvikling av eit sterkt industrielt miljø.

## 2 FORRETNINGSIDE

### 2.1 MÅL OG MÅLGRUPPE

Det er eit mål at Årdal Teknologipark (ÅTP) skal bidra til ei betre samhandling mellom næringslivet, forskings- og utdanningsinstitusjonar og det offentlege gjennom verkemiddelapparatet. Dette kallar ein ofte for «trippel-helix» modell for innovasjon. Ei sterkare samlokalisering og samhandling mellom desse miljøa vil kunne styrke innovasjonssystemet og vil kunne vere ein nøkkel til å utvikle næringslivet og stimulere til auka verdiskaping.



Årdal, Sogn og heile fylket har hatt stagnasjon i utvikling av arbeidsplassar og det er viktig å legge til rette for og styrke verdiskapinga framover. I arbeid med kompetansestrategien kom det tydeleg fram frå næringslivet at det er tilgang på kompetanse som vil vere den store utfordringa framover. Dette gjeld både rekruttering av personar med rett kompetanse, men og at ein evnar å utvikle eksisterande tilsette til å utvikle og ta i bruk ny teknologi.

ÅTP sine overordna målsettingar er:

- Skape ein arena og nettverk mellom næringsliv, forskingsmiljø, skulane og virkemiddelaktørane
- Skape eit innovasjonsmiljø som grunnlag for auka innovasjon og knoppskyting
- Skape eit kompetansemiljø som grunnlag for å utvikle ny kompetanse blant elevar og tilsette
- Få etablert «Nasjonalt senter for prosessindustrien» som ein arena for kompetanse bygging og innovasjon knytt opp mot prosessindustrien
- Auka verdiskaping og utvikling av attraktive arbeidsplassar
- Legge til rette for eit meir attraktivt utdanningsmiljø for skuleelevar og studentar
- Tilbodet til nytte for heile fylket

For å bidra i dette arbeidet er det ynskjeleg å utvikle eit innovativt miljø samansett både av utdannings- og forskingsinstitusjonar, og industrielle aktørar. Det vil ein gjere ved å etablere ein møteplass/arena, som set teknologiutvikling og innovasjon i sentrum, og der dei ulike miljøa kan samlokalisera og ha samhandlingsaktivitetar. Dette skal vere ein arena som er relevant for ulike næringsaktørar å söke mot for å utvikle teknologi og söke kunnskap.

## 2.2

### FORANKRING

Etablering av ÅTP og innhaldet i denne er godt forankra blant dei største bedriftene og næringslivet generelt i Årdal. Gjennom arbeidet med SITEP AS er deira rolle blitt forankra i ein større del av fylket. Dette gjeld også kompetansesenter satsinga gjennom Sogn Opplæringskontor som jobbar med medlemsbedrifter i heile Sogn,

Strategien og etableringa er godt forankra i Årdal Utvikling som kommunen sitt næringsutviklingsapparat, og den er forankra inn mot Sogn og Fjordane Fylkeskommune sine avdelingar for Opplæring og Kultur og Næring. Årdal Vidaregåande skule nyttar allereie deler av øvingssfakken til SITEP og vil flytte fleire undervisningsaktivitetar inn i teknologiparken når denne er klar. Det er frå SITEP si side og etablert prosjektsamarbeid med Sogndal vidaregåande skule og Høgskulen på Vestlandet.

## 2.3 PROFIL OG INNHOLD

Årdal har sin unike kompetanse knytt til prosessindustrien og utvikling av maskiner og utstyr til denne. Dette gjennom Hydro som har sitt forskings- og teknologisenter i Årdal der ein utviklar og testar verdas mest miljøvennlege og energieffektive aluminiumsteknologi. Aluminiumsindustrien har stått sentralt i Årdal og fleire leverandørbedrifter har utvikla seg til globale leverandørar av maskiner og utstyr til denne industrien med base i Årdal.

I tillegg har Norsun utvikla verdas reinaste og mest energieffektive waferproduksjon i Årdal. Dei er i stor vekst med teknologi for produksjon av silisiumwaferar som har den høgaste målte energieffektiviteten i verda. Norsun står i dag framfor ein stor ekspansjon i fabrikken i Årdal og vil ha behov for rekruttering framover og utvikling av ny teknologi for å kunne vere konkurransedyktige.

Desse industriane jobbar heile vegen for å bli meir kostnadseffektive og auke verdiskapinga. Det teknologiske skiftet som no pågår gjennom teknologiane i Industri 4.0 gjer dette mogleg på nye måtar. Dei er avhengige av å utvikle eigne tilsette og rekrutttere nye som er i stand til å ta i bruk ny teknologi skal dei halde på konkurransekrafta framover.

### INNHOLD:



### ÅRDAL TEKNOLOGIPARK

Tanken bak etableringa av Årdal Teknologipark er å utvikle ein open arena for teknologiutvikling, forsking, innovasjon, opplæring og kunnskapsdeling for bedrifter, utdanningsinstitusjonar, næringsorganisasjonar og det offentlege verkemiddelapparatet.

ÅTP vil bli lokalisert saman med Hydro sitt forskingsmiljø i Årdal ved dei gamle Hydro husa der industrieventyret i Årdal starta med kraftutbygging tidleg på 1900 talet. Det vil bli totalt ca 2.000 kvm, der ca 4-500 kvm vil vere areal til øvingsfabrikkar/teknologisenter, ca 500 kvm til kontormiljø for bedrifter og gründerar og ca 1.000 kvm til undervisningsareal, møterom og mingle areal for bedrifter, forskarar og studentar.

### **Øvingsfabrikk/teknologisenter**

FoU selskapet SITEP AS vil etablere ein øvingsfabrikk/teknologisenter med utstyr som gjer at næringslivet kan teste, utvikle og simulere teknologi. Dette er utstyr som er relevant opp mot digitalisering og industri 4.0. Det er investert i ein «Cyber Physical Factory» frå Festo som har dei fleste element frå Industri 4.0 og der ein har stor fleksibilitet til å integrere og teste nye komponentar som sensorar, PLS, MES system, osv. Det vil og bli utvikla prosesslinje saman med Hydro sitt forskingsmiljø og Årdal Vidaregåande skule for å tilpasse til dei ulike utdanningsretningane på skulen. Dette håpar ein og kan nyttast av høgskulane og fagskulane.

### **Kurs og kompetansesenter**

Sogn Opplæringskontor har vore gjennom ein strategiprosess for framtidig satsing og vil byggje opp eit kurssenter i tillegg til lærerlignaktiviteten. Her vil ein tilby ulike kurs og kompetansetiltak til næringslivet etter behov. Det vil og bli tilbydd teknologifag i praksis til ungdomsskulane, utdanningsprogram til vidaregåande skule og fagskule/høgskule kurs saman med aktørane.

Erfaringar frå Raufoss og Kongsberg er at ein flyttar deler av undervisninga på yrkesfaga ut i industrien på relevant utstyr som industrien stiller til disposisjon. Dette har gitt gode resultat med svært motiverte elevar. Dette vil bli starta opp i Årdal frå hausten 2019 i samarbeid mellom SITEP, Sogn Opplæringskontor og Årdal Vidaregåande skule.

### **Innovasjonsmiljø**

Årdal Utvikling vil nytte ÅTP med tilsette som aktør for å auke innovasjonstakta i miljøet. Det er eit ynskje at ÅTP får forretningsutviklings og innovasjonskompetanse i organisasjonen som kan arbeide målretta mot industri og teknologibedrifter. Dette gjer at Årdal Utvikling kan ha fokus på andre næringar som ikkje naturleg søker mot Teknologiparken og at ÅTP realiserer denne delen av næringarbeidet. ÅTP vil tilby kontorfasilitetar til gründerar eller andre som har behov for eit miljø i ein fase. ÅTP vil jobbe tett med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane sin inkubator der deira kompetanse og verkemiddel kan vere relevante.

Det er eit mål at ÅTP skal legge til rette for prosjektaktivitetar mot bedrifter, skulane og eksterne miljø for å skape relevante nettverk og dele kompetanse.

### **Nettverk/klynge**

Det er eit mål å utvikle ei sterkt næringesklyngje i Årdal/Sogn som kan bygge sterke nettverk mot andre næringesklynger nasjonalt og internasjonalt. ÅTP vil ta på seg rolla som nav i nettverket mot andre industri/næringesklynger på vegne av Årdal Utvikling. Erfaringar så langt er at SITEP vil utvikle sine spissa bedriftsnettverk på tema som er relevante for deira aktivitet, men at det er behov for å bygge relasjonar og nettverk med andre klynge/nettverksbedrifter. Dette er ei rolle som Årdal Utvikling ynskjer at ÅTP skal ta.

SITEP har eit eige bedriftsnettverk gjennom Innovasjon Norge som er retta direkte på Industri 4.0 og kompetanse rundt dette for prosessindustrien. SITEP er og node under Norsk Katapult (NMTC) på Raufoss og har inngått samarbeidsavtale med SINTEF Manufacturing. Dette er eit viktig samarbeid for å kunne utvikle øvingsfabrikken etter konsept til Norsk Katapult og samtidig kunne ta i bruk deira program Norsk Omstillingsmotor.

Erfaringar frå næringesklynga på Raufoss på kva som har vore viktig for at ein har lukkast er at ein må ha globalt konkurransedyktige bedrifter, ei felles FoU eining og at ein må skape ein kultur for å dele kunnskap/teknologi/erfaringar. I Årdal/Sogn har ein globalt konkurransedyktige bedrifter, ein utviklar ei felles FoU eining gjennom SITEP AS og ein har som mål å utvikle delingskulturen gjennom miljøet i ÅTP.

## 3 MARKNAD

Hovudmarknaden i starten er retta mot næringslivet og utdanningsinstitusjonar i Årdal og fylket. Det er eit mål at miljøet skal bli så attraktivt at bedrifter frå andre stader i fylket/landet ynskjer å etablere seg i ÅTP for å utvikle ny teknologi, tilegne seg ny kunnskap eller spinne av nye bedrifter.

Aktørane som vil etablere seg i miljøet i første fase er SITEP AS, Sogn Opplæringskontor, Årdal Teknologipark, Årdal industrimuseum, Hydro Aluminium. Hydro Aluminium vil og opne opp eigen kantine for bedrifter og studentar.

### *Næringslivet i Årdal/Sogn/Vestland*

Det er ein målsetnad at teknologisenteret skal vere interessant for bedriftene å nytte for å kunne teste og utvikle ny teknologi, samtidig som ein får tilgang på spissa teknologi kompetanse og innovasjonskompetanse som diskusjonspartner. Det er eit mål at fleire ynskjer å delta i felles FoU prosjekt og i nettverksaktivitetar på teknologiutvikling. Dette som ein del av å utvikle kultur for å dele kunnskap og erfaringar.

### *Kompetancesenter*

Sogn Opplæringskontor som utviklar eit kompetancesenter for kursmekling retta mot næringslivet, lærlingar og skulane vil nytte areala og miljøet i ÅTP aktivt for å levere sine tenester. Teknologifag i praksis til ungdomskulane i Årdal vil bli gjennomført i ÅTP. Deler av undervisninga til Årdal vidaregåande skule i faga automasjon, teknologi og industriell produksjon og prosess-/kjemifaget vil bli halde i ÅTP.

### *Høgskular/fagskular*

Høgskular/fagskular kan vere aktuelle kundar for å kunne nytte teknologisenteret for undervisning mot eigne studentar og studentprosjekt.

## 4 ORGANISERING OG EIGARSKAP

### 4.1 ORGANISERING

Selskapet vil bli organiserast med eige styre der hovudaktørane i miljøet vil delta. Det er etter vurderingar i Årdal Utvikling planlagt å tilsette prosjekt-/forretningsutviklingskompetanse i ÅTP som tek på seg rolla som «fasilitator» i miljøet og jobbar aktivt opp mot andre klynger/nettverk. Dette for å kunne styrke samhandling med stike miljø og samtidig avlaste Årdal Utvikling/SITEP i deler av dette arbeidet. Koordineringsrolla er viktig framover for å sikre aktivitet på tvers, optimal bruk av areal, samhandling med andre miljø, vidare utvikling av miljøet. Dette er ei rolle som Årdal Utvikling har brukt mykje ressursar på siste åra for å planlegge aktivitet og som det er naturleg at ein vidarefører i ÅTP.

Selskapet vil kjøpe ut «Hydro husa» frå Hydro Aluminium for ein symbolsk verdi og samtidig feste tomtteareal til nytt bygg. Dette er eit bidrag frå Hydro inn til realisering av teknologiparken. Selskapet vil stå for bygging av areal og leige ut til ulike leigetakrar på kommersielle vilkår.

## 4.2 EIGARSKAP OG STYRE

Årdal Teknologipark AS er stifta 08.10.2018 med aksjekapital på 100.000,- og eigm 100% av Årdal Utvikling. Selskapet har som føremål: «*Eige og/eller leige areal som vert lagt til rette for gründerar og oppstartsbedrifter, samt etablerte bedrifter som ønskjer å vere ein del av eit pulserande innovasjonsmiljø. Selskapet skal jobbe aktivt i nettverk for å skape samhandling og deling av kunnskap mellom ulike næringsmiljø. Selskapet skal stimulere og styre framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom å koordinere og fasilitere ulike fellesaktivitetar for fremming av nyskaping og innovasjon.* Selskapet kan og delta som aksjonær, eller på anna måte ved investering i andre verksemder.»

Årdal Utvikling er planlagt som framtidig eigar av selskapet. Det vil bli vurdert eit breiare eigarskap i det vidare løp dersom dette er naudsynt for realisering av prosjektet. Det vil bli etablert eit styre som er representert av dei aktørane som er sentrale for å utvikle Årdal Teknologipark.

## 5 ØKONOMI

Det er utvikla ein budsjettmodell som vurderer inntekter, kostnader, kapitalbehovet og finansieringsplan. Budsjettmodell er vedlegg 2 til forretningsplanen.

Selskapet vil kunne skape inntekter gjennom prosjektaktivitetar og utleige av areal. Selskapet sine kostnader vil hovudsakleg vere knytt opp mot tilsette, drift av bygg, samt kommunale avgifter, forsikring og finansieringskostnader.

### 5.1 KAPITALBEHOV OG FINANSIERING

Det er estimert eit kapitalbehov i prosjektet knytt til:

• Investering i bygg:	
- Bygging av nytt bygg	33,3 MNOK
- Kjøp og oppgradering «Hydro hus»	12,0 MNOK
- <u>Innreiing og utvendig arbeid</u>	4,7 MNOK
- <u>Totalt</u>	<u>50,0 MNOK</u>

Budsjettkalkyle for investeringa er vedlegg til forretningsplanen, vedlegg 3

• Finansiering	
- Eigenkapital/bidrag	5 MNOK
- Tilskot SFJ FK	15 MNOK
- <u>Lån</u>	<u>30 MNOK</u>
- <u>Totalt</u>	<u>50 MNOK</u>

Finansieringsløysing vil vere blanding av eigenkapital, tilskot og lånefinansiering. Årdal Utvikling vil bidra med hovuddel av eigenkapitalen. Hydro vil gjennom sal av Hydrohusa til ein symbolisk verdi bidra med deler av eigenfinansieringa i prosjektet.

Selskapet vil handtere lån gjennom kommersielle leigeavtalar med leigetakrar og brukarar av areala. Årdal Utvikling vil i tillegg bidra med finansiering av prosjektaktivitetar i ÅTP for å utvikle selskapet sitt innhald.

Prosjektet er planlagt starta opp i januar 2020 med avslutning i desember 2020.

## 6 RISIKOANALYSE

Følgjande tabell viser vurderte risikoområder i prosjektet, nivå på risiko og vurdering/tiltak:

Risikoområder	Risiko	Vurdering/tiltak
<b>Strategisk risiko:</b>		
Aktiv deltaking frå aktørane	Middels	Risiko knytt til at aktørane ikkje prioriterer utviklingsarbeidet og bidreg til å nå målsetnadane i etablering og utvikling av miljøet. Det kan være andre aktivitetar som får prioritet. Viktig med god forankring internt og deltaking i styret i selskapet for å sikre realisering.
<b>Operasjonell risiko:</b>		
«Koordineringsrolle»	Høg	Finne rett person i Årdal Utvikling som kan utvikle miljø/møteplass i tråd med intensjonane og saman med styret. Sikre involvering frå Årdal Utvikling, Hydro Aluminium, Sogn Opplæringskontor og SITEP.
Leidgetakrarar	Låg	Må sikre at leidgetakarane har verdi av å vere lokalisert i miljøet. Skape aktivitet som gir meirverdi og trekker fleire aktørar til området.
Aktiv bruk av øvingsfabrikk frå bedriftene og skulemiljøa	Middels	Må sikre at bedriftene og elevane nyttar areal som er tilgjengeleg og at skulane flyttar undervisning til miljøet.
Engasjement og interesse frå næringslivet - møteplass for næringslivet i regionen	Middels	Må arbeide for å skape aktivitet som er interessant og relevant for næringslivet i fylket elles som gjer at ein trekkjer til miljøet. Viktig å informere, kartlegge behov og skape aktivitet som er interessant.
<b>Økonomisk risiko:</b>		
Tilstrekkeleg finansiering	Middels	Sikre at ein har tilstrekkeleg finansiering av investering. Sikre avtalar på leige og tilsagn på finansiering. Kvalitetssikre opp mot budsjett
Inntekter på møterom og undervisningsareal	Middels	Utfordring å skape inntekter gjennom utleige av møterom, klasserom og auditorium.

**VEDLEGG 1**

**VEDLEGG 2**

**SKISSER AREAL**

**BUDSJETT MODELL**

**Årdal Teknologipark AS***Kalkyle investering bygg*

	Beløp
<b><i>Kalkyle nybygg:</i></b>	
Rigg og Drift	2 500 000
Grunnarbeider, betong	7 250 000
Tømmerarbeider, overflatearbeid	8 750 000
Stålarbeider, lås og beslag	2 000 000
Tekniske Fag	8 100 000
Prosjektering	1 700 000
Diverse	3 000 000
<b>Totalt nybygg</b>	<b>33 300 000</b>
Innreiling, utsmykking	3 500 000
Hydrohus. Kjøp/oppgradering	12 000 000
Utomhusarbeider	1 200 000
<b>Total prosjektkostnad</b>	<b>50 000 000</b>